

august 2016



Kommunal samhandlingskoordinator

Grunnlaget er no lagt for ei stilling som samhandlingskoordinator for kommunane i fylket. Det er lagt opp til at Førde kommune skal vere vertskommune. Stillinga vil høyre til kommunen si eining Fagutvikling og koordinering og ha tett tilknyting til Utviklingsenter for sjukeheim og heimetenester. Det er vidare avklart kva hovudoppgåvane i stillinga skal vere. Dersom kommunane følger opp og deltek i finansieringa av ei slik stilling, reknar ein med at den kommunale samhandlingskoordinatoren vil vere tilsett tidleg i 2017. Fylkesmøtet i KS har oppmoda om at kommunane prøver å få dette til.



Vertskommunedialog med Lærdal kommune



Det vart den 13.06.16 gjennomført eit dialogmøte mellom Helse Førde og Lærdal kommune som vertskommune for Lærdal sjukehus. Blant postane på saklista var pågående planarbeid som har konsekvensar for partane. Lærdal kommune ønskjer å lokalisere fleire av sine tenester til sjukehuset/sjukehusområdet. Helse Førde er positivt stilt til dette, og det vil bli drøfta nærmere i samband med utviklingsprosjektet for Lærdal sjukehus. Det vil også bli arrangert eit eige møte i haust for følge opp dette særskilt.

Pasientens helseteneste i Sogn og Fjordane

Styret i Helse Førde vart i siste møte orientert om status i arbeidet med programmet «Pasientens helseteneste». Dette tek utgangspunkt i Helse Førde sin [utviklingsplan](#) som vart vedteken hausten 2015.



Eit vesentleg element i dette er at pasienten skal få meir makt og kunne vere med på å bestemme. Det er også ein grunntanke at pasienten skal møte *ei* helseteneste. Det krev utstrekkt samordning og samhandling internt i spesialist-helsetenesta, og ikkje minst stiller det nye krav til samhandlinga med kommunane. Utfordringa framover med auka tal eldre som har samansette lidingar, og som krev at ting blir sett i samanheng, forsterkar dette. Det er ut frå dette ei erkjenning at samhandling må stå enno meir på dagsorden enn tidlegare.


Det har vore sett ned ei faggruppe som skulle tydeleggjere og konkretisere mål, innsatsområde og tiltak slik at det kan danne grunnlag for utviklingsarbeidet som skal skje i åra framover. Sjå [dette dokumentet](#), som m.a. utdüber retninga innanfor samhandling, på Helse Førde si nettside.

Helse Førde har nytta dei eksisterande samhandlingsorgana for informasjon og drøftingar. I haust er det planlagt å møte regionråda, og kommunane skal i tillegg ha ein representant i programstyret.

I haust skal også forprosjektet for arealplan for Førde sentralsjukehus setjast i gang, og det blir avklara om Helse Førde får lån til den utbygginga og ombygginga som ein vurderer som naudsynt.

Samhandlingsbarometeret - folkehelsedata

Det blir framleis arbeidd med korleis aktuell styringsinformasjon knytt til folkehelse kan samlast og gjerast tilgjengeleg på ein best mogeleg måte. Det er bestemt at [Samhandlingsbarometeret](#) skal vere ein viktig kanal. Ei arbeidsgruppe med representantar frå alle partar møtest til heildagsmøte den 27.09.16. Det blir elles drøfta og vurdert om alle partar skal samle seg om Samhandlingsbarometeret, eller om [Fylkesspegele](#) utarbeidd av fylkeskommunen skal vere ei sentral kjelde i tillegg.



Forum for helse, omsorg og folkehelse

Dette forumet har eksistert sidan 2012 og er sett saman av representantar frå kommunane/KS, fylkeskommunen, fylkesmannen, høgskulen, NAV, brukarutvalet og Helse Førde. Det har 1. halvår 2016 vore ein prosess for å fastsette klarare retningsliner for forumet og ein handlingsplan.



Etter denne prosessen er det tydeleggjort at forumet skal prioritere

- Kompetanseheving hos aktørane ved felles informasjons- og opplæringstiltak og erfaringsutveksling.
- Oversikt over kompetanse- og bemanningsbehov på kort og lengre sikt og bidra til samordning av innsats for kompetanseutvikling og rekruttering.
- Koordinere folkehelsetiltak og vere eit felles forum for oppfølging av regional plan for folkehelse innan helse, omsorg og levekår.
- Samordne dei ulike samarbeidspartane sine initiativ og tiltak når det gjeld konferansar, seminar og kurs og syte for ei samla oversikt over slike aktivitetar.

Ansvarsavklaring ved øyeblikkeleg hjelp-innleggningar



Det har skjedd i nokre tilfelle at ambulansepersonell i akuttsituasjonar har fått ulike råd eller ordrar knytt til pasientbehandlinga frå lokal kommunal legevaktslege og Helse Førde sin AMK-lege. Dette har vorte drøfta i fågrådet, som ønskte å få fylkesmannen si vurdering av ansvarsforholda.

Fylkesmannen har i sitt svarbrev presisert at det er kommunal legevaktslege som i slike tilfelle har ansvaret fram til pasienten «kjem innom dørene» i spesialisthelsetenesta. Dette gjeld også om legevaktslegen ikkje rykker ut. Det er vidare tilføydd: «Dersom AMK-legen skal bestemme kva behandling pasienten skal få ute i kommunen når den kommunale legevaktslegen og AMK-legen er blitt samde om dette, tek spesialisthelsetenesta samstundes over behandlingsansvaret for pasienten sjølv om vedkomande framleis oppheld seg på heimplassen.»

Gjeldande delavtalar om innlegging og pasienttransport har klausular med same meiningsinnhald som i fylkesmannen si avklaring. Det vil likevel bli vurdert om føreseggnene i avtalane bør gjerast tydelegare.

Samarbeidsavtalar

[Avtaleutvalet](#) arbeider med gjennomgang og revisjon av avtaleverket, på oppdrag frå koordineringsrådet. Avtaleutvalet er pr i dag sett saman slik: Rådmann Odd Arve Rakstad, Leikanger kommune (leiar), helse- og sosialsjef Kjell Idar Dvergsdal, Gauldalen kommune, kommuneoverlege /praksiskonsulent Jan Ove Tryti, Sogndal kommune/Helse Førde, brukarrepresentant Svein Lundevall, fagdirektør Hans Johan Breidablik, Helse Førde, seksjonsleiar Laila Vilnes Helghem, Helse Førde og samhandlingssjef Vidar Roseth, Helse Førde. Rådmann Børge Tvedt i Jølster kommune er møtande varamedlem.

Til neste møte i avtaleutvalet den 01.09.16 skal det ligge føre konkrete framlegg til avtalerevisjonar som utvalet skal ta stilling til. Dette gjeld rammeavtalen og 11 av dei øvrige samarbeidsavtalane. Det er utarbeidd [førebelse vurderingar og tilrådingar](#) frå samhandlingssjefen.

Aktuelle møte og konferansar

[Fagrådet](#) har møte den 25.08.16, og det er møte i [koordineringsrådet](#) den 15.09.16. [Brukarutvalet](#) har sitt neste møte den 19.09.16. Det neste møtet i Forum for helse, omsorg og folkehelse er fastsett til 21.09.16. Det er planlagt [dialogmøte](#) mellom styret i Helse Førde og politisk leiing i kommunane den 18.11.16. Ein ny erfaringskonferanse i høve til m.a. utskriving av pasientar blir gjennomført 01.-02.12.16. Sjå elles [Samordningskalendaren](#) og [sidene til praksiskonsulentane](#).

Stillinga som samhandlingssjef i Helse Førde

Dette blir den siste utgåva av Samhandlingsnytt som noverande samhandlingssjef har ansvaret for. Denne stillinga blir ledig frå 01.09.16, jfr [utlysing](#).

Korleis informasjonsoppgåvene blir løyste i tida framover, og om det blir ei vidareføring av Samhandlingsnytt i den formen det har hatt, må ein kome tilbake til.

